

vil det ha å seie for kor open du kan vere i skringa di? Goretti Kyomuhenda bruka den siste romanen sin som døme på kva omsyn ho måtte vurdere. "Kva vil mannen min tru når eg beskriv drømmeprinsen min i boka? Vil han ta det som personleg kritikk?" Sjølvpålagt sensur er nokså vanleg fastslo ho og fortalte at ei av kvinnene som er med i *Femrite* stadig tenkjer på korleis far hennar vil reagere slik at "Den historia eg vil fortelje, er enno berre inni meg"

Mary Karooro Okurut fortalte at for henne vart det eit spørsmål om å berge ekteskapet da ho skreiv ein roman i eg-form. (*The Invisible Weevil?*) Mannen meinte lesarane ville tru ho skreiv sjølvbiografisk, så ho endra forteljinga til ei forteljing i tredje person. Når den tilsynelatande råsterke pressesekretæren til presidenten må ta slike omsyn, får ein ei aning om kva det kostar for kvinner i Uganda å skrive i det heile tatt.

Under slike forhold er det klart at ein treng støtte og allierte. *Femrite* bygger som alt nemnt opp eit ressurscenter rundt skrivande kvinner og har etablert ein lese/skrive klubb med møter kvar måndag. Det har bruk for relevant lestoff (Dei tar i mot donasjonar av bøker og blad!) og held på

og veks ut av dei noverande tronge lokal sine. Dei held skrivekurs for å lære medlemmene å skrive betre og to gonger (med to års mellomrom) har Ama Ata Aidoo, velrennert forfattar frå Ghana, halde kurs i kreativ skrivning både for dei etablerte forfattarane og for forfattarar in spe. Det blir bøker av slikt, ikkje berre dei 10 titlane *Femrite* sjølv har publisert. *Whispers From Vera* er til dømes utgitt på eit etablert forlag i Kampala der både menn og kvinner kjem til orde og Mary Koororo Okurut har også nyleg gitt ut ei bok på eit anna forlag. "**Mainstreaming?**"

Betyr det at fleire av *Femrite* forfattarane har får utgitt bøker på andre forlag i Uganda at forlaget har utspela si rolle? Svaret er sjølv sagt nei. Det vil alltid vere eit behov for nye forfattarar å kunne finne eit fellesskap der dei kan utvikle sine skriveferdigheter og få bygd opp ein forfattaridentitet. Historier om forlag som sender manuskript ulese i retur når det er eit kvinnenamn på tittelbladet, er prov nok på at det enno er eit behov. Ein stad må ein starte. *Femrite* fyller behovet for slik ein stad.

**Helga Hoel, Trondheim**



Jeg ønsker å bli medlem av Norsk Kvinnesaksforening

Navn:.....

Adresse:.....

Sendes:  
Norsk Kvinnesaksforening, Postb. 8901 Youngstorget, 0028 Oslo  
eller sihan@online.no